

Referat FAU-møte, 03.10.23

Til stades: Mona Rabben, Anne Mette Telle, Kari Ann Midttveit, Therese Iversen Kallestad, Birthe Westgaard, Jørgen Kausland, Adelheid Steinestø, Mubariz Saffa, Nina Støkkan-Glesnes, Cecilie Dale Glesnes, Laila Karin Eide, Karianne Landro Vågenes, Anette Nyhammer, Lisbeth Hjelle, Svein Jarle Yndestad Eide, Linda Selheim og Trine Lønøy Sangolt.

Sak 1: Møteinnkalling vart godkjent.

Sak 2: Sakslista vart godkjent.

Sak 3: Skrivar i møtet vart Trine Lønøy Sangolt.

Sak 4: Konstituering av FAU. Kom opp diskusjon kring representasjon frå begge grupper på eit årssteg. Dette kan takast opp igjen som ei eiga sak og ein må då òg eventuelt endre vedtektene til FAU.

- **Leiar:** Jørgen Kausland
- **Nestleiar:** Cecilie Dale Glesnes
- **Skrivar:** Lisbeth Hjelle
- **Kasserar:** Laila Karin Eide

Sak 5: Val av representantar til SU og SMU

- **Leiar i FAU:** Jørgen Kausland
- **Personleg vara Jørgen Kausland:** Mubariz Saffa
- **Nestleiar i FAU:** Cecilie Dale Glesnes
- **Personleg vara Cecilie Dale Glesnes:** Nina Støkkan-Glesnes

Sak 6: Gjennomgang av FUG sine heimesider, FAU sitt mandat og arbeidsoppgåver.

Det øvste organet for alle FAU i landet, ei god side med mykje god informasjon. Kva er FAU, korleis er FAU organisert, kva er FAU sitt mandat, kva bør ein vite som ny FAU-representant og korleis bør utvalet jobbe. Bruk www.foreldreutvalgene.no for å lese meir om FAU, dette er ei informativ side, kan òg brukast som idébank.

Sak 7: FAU sine vedtekter, desse finn de på heimesida til Spildepollen skule. FAU har si eiga fane her, der finn de alle innkallingar og referat, organisering av FAU og vedtekter. E-post kan stå på namnet til leiar, nestleiar, kasserar og referent på heimesida, gje ei tilbakemelding til skulen kva de ynskjer. Alle som deltok på møtet fekk utdelt vedtekter og det vart lese gjennom dei i fellesskap. Det er styret sin leiar og nestleiar som i fellesskap innehar signaturrett.

Sak 8: FAU sitt årshjul, dette finn de på heimesida til Spildepollen skule. Dette årshjulet er laga av FAU, sist revidert 05.01.2022. Her må FAU vere i dialog skule og føresette. Årshjulet skal takast opp igjen i eit anna møte, evaluere dette og revidere det. Avklare samarbeidet mellom skule og heim, kva gjer skulen og kva gjer føresette. Tenkje gjennom kva som er overkommeleg. Det viktigaste med årshjulet er å arrangere sosial kveld på årssteget, ynskjeleg med ein aktivitet på haust og ein på vår. Juleavslutning, eldrekafe, karneval og valentinsball kan skulen ta ansvar for, men med hjelp frå foreldre. Halloween, ha eit samarbeid mellom skule og heim, etter skuletid, men skulen kan bidra med t.d. dekorasjon. TV-aksjonen er no skulen sitt ansvar, godt undervisningsopplegg og forventningar om ei deltaking i skuleløp. Skulen vel å fokusere på Kolibri-samarbeid, men vi gjennomfører begge deler.

Sak 9: Møteplan for skuleåret, møta vert lagt til tysdagar klokka 19.00, første møte 24. oktober. På dette møtet vert årshjulet ei sak. Svein legger inn innkallingar på heimesida fortlaupande. Foreløpig møteplan vert slik:

- 24. oktober.
- 28. november.
- 13. februar.
- 9. april.
- 4. juni.

Andre saker som kom opp under møte:

17. mai: Vellukka med innslag med song på 17. mai, FAU ynskja seg ei ordning der elevar bidrar på 17. mai feiringa, og tilsette hjelper til med dette på sjølve dagen. Skulen ynskjer å få til dette neste år òg.

Brønnøysund: Skulen lagar ei liste med oversikt over foreldre som sit i FAU, denne hentar FAU-leiar når den er klar. FAU-leiar registera då styret i Brønnøysundregisteret.

Gledingsskule: FAU-representant legg fram ynskje om at skulen vert gledingsskule, skulen stiller seg positiv til dette. Dette vert sak i FAU neste møte, de kan lese meir om dette på www.gledingsskole.no.

Kurs: Fokus på trygg bruk av nettspel og sosiale medium, eit samarbeid mellom aktiv gaming og politiet. Dette er eit tilbod som FAU kan vite om.

Trafikksikringstiltak: Øygarden kommune er i gang med høyring på ny trafikksikringsplan. Her bør FAU jobbe med fortau mellom Kausland og Glesnes.

Skulemiljø: Endringar på tilsynsplan dette skuleåret, det er auka bemanning i alle friminutt og skulen har laga ei ny hjelpesone der elevane kan kome for å få hjelp i storefri. I tillegg er miljøretteleiar ute i alle friminutt.